

Informasjon til elevar, lærarar og føresette

Les dette før de gjennomfører Elevundersøkinga, Lærerundersøkinga eller Foreldreundersøkinga.

Kva er føremålet?

Føremålet med brukarundersøkingane frå Utdanningsdirektoratet er at elevar, lærarar og føresette skal få seie si meining om læring og trivsel på skolen. Resultata frå brukarundersøkingane blir ikkje sletta, men lagra etter forskriftene, og nytta av skolar, skoleeigarar og den statlege utdanningsadministrasjonen som ei hjelp til å analysere og utvikle læringsmiljøet. Data frå undersøkingane kan òg bli brukte til forskingsføremål. Delar av resultata frå Elevundersøkinga blir publiserte på nettstaden www.utdanningsdirektoratet.no/skoleporten.

Korleis skal undersøkingane gjennomførast?

Brukarundersøkingane kan gjennomførast både vår og haust. På hausten er det obligatorisk for kommunane/fylkeskommunane/skolane å gjennomføre Elevundersøkinga. Skolane kan i tillegg velje å gjennomføre Foreldreundersøkinga og Lærerundersøkinga. Gjennomføring av brukarundersøkingane på våren er eit frivillig tilbod til dei skolane som ønskjer det.

Det er frivillig å svare på undersøkingane, og du kan velje å hoppe over spørsmål dersom du opplever nokre av dei som ubehagelege, eller det er nokre spørsmål du ikkje vil svare på.

Behandlingsansvar og personvern

Den behandlingsansvarlege har ansvaret for å sikre at opplysningane blir behandla i samsvar med krava i personopplysningslova frå 14. april 2000 nr. 31. Det er berre den behandlingsansvarlege som har tilgang på grunnlagsdata.

Utdanningsdirektoratet har delt behandlingsansvar med skoleeigarane for Foreldreundersøkinga og Lærerundersøkinga. Frå og med hausten 2008 er Utdanningsdirektoratet åleine behandlingsansvarleg for dei opplysningane som blir behandla i Elevundersøkinga. Siden berre Utdanningsdirektoratet har behandlingsansvar for Elevundersøkinga, har direktoratet teke alle førehandsreglar for å sikre full konfidensialitet under behandlinga av grunnlagsdata frå Elevundersøkinga.

Den som svarer, gir ikkje opp namn, og det er lagt opp til svært strenge reglar for å vise resultata frå undersøkingane både til skolane sjølve, skoleeigarane og dei statlege utdanningsstyresmaktene. Dette er gjort for å redusere faren for indirekte gjenkjenning av personar som har svart.

Har du spørsmål?

For meir informasjon kontakt skolen din eller Utdanningsdirektoratet. Du finn òg mykje informasjon på www.udir.no/undersokelser.